

[MOTTAKERNAVN]
[ADRESSE]
[POSTNR] [POSTSTED]
[KONTAKT]

skyss 



Saksbehandlar: Anna Lena Jammer

Vår ref.: 2023/73896-24

Dykkar ref.: [REF]

Bergen, 25.09.2023

Invitasjon til sonderingsmøte om lokal båtrute Osterfjorden – Båtanbud Hordaland 2026–2027

Bakgrunn

Skyss sine båtkontraktar i Hordaland går ut i høvesvis 2026 og 2027, og vi har begynt å førebu utlysing av nye kontraktar for følgjande båtruter:

- Turistrute Hardanger (rute 2095)
- Lokal båtrute Geitanger
- Lokal båtrute Osterfjorden
- Sunnhordalandsruta (rute 2080)
- Lokalbåt Austevoll (rute 2078)
- Espevær–Eidesvik (rute 2079)
- Hellesøy–Lyngøy–Hernar (rute 2071)
- Rosendal–Bergen (rute 2075)
- Reksteren–Våge–Os (rute 2085)

Formålet med arbeidet er å leggje til rette for at nye, framtidretta driftskontraktar er på plass i god tid før gjeldande kontraktar går ut.

Konkurransenutsetjing av båtkontraktene i Hordaland er også et eigna tidspunkt til å vurdere eventuelle strukturelle endringar i for å tilpasse tilbodet til dei reisande sitt behov i dag og framover.

Vestland fylkeskommune har høge ambisjonar for klimautslepp og det vert naturleg å leggje til rette for nullutsleppsteknologi i nye transportkontraktar. Utlysing av nye kontraktar er et godt tidspunkt for å stille krav til drift av rutene og utslepp for å kunne nå både nasjonale og regionale krav om nullutslepp.

Planlagt framdrift

Hovudutval for samferdsel og mobilitet er i møte 20. september blitt informert om oppstart av arbeidet (sjå RS-sak i 105/2023).



Skyss vil i løpet av hausten 2023 undersøke kva endringar i båtrutene som er tilrådeleg for å dekke reisebehov i regionen best mogeleg. Ein vil samtidig sjå på korleis båtrutene kan driftast med minst mogeleg utslepp i ny kontraktsperiode. Som ein del av vurderinga er viktig for Skyss å ha god i dialog med kommunane og få innspela dykkar.

Det blir arbeidd ut ifrå at ei første politisk handsaming av rammene for båtanboda skjer tidleg i 2024. Vi inviterer no til ei sondering av kva kommunane ser som viktig i den kommande prosessen. Det vil i den vidare prosessen bli lagt stor vekt på dialog og drøftingar av mogelege endringar i rutetilbodet saman med kommunane når forslag for ruter ligg føre.

Kontraktskrava og avgjerd om å lyse ut kontraktskonkurransen vil etter planen bli handsama av fylkesutvalet i høvesvis sommar og seinhaust 2024. Kommunane vil før dette bli invitert til å gje nye innspel når Skyss har utarbeida forslag for båtrutene, basert på utgreiingar og kommunanes innspel i sonderingsmøtene.

Dialog med kommunar

Skyss er klar over den store interessa som aktuelle kommunar har i båttilbodet, og ønskjer difor å legge opp til god dialog og samhandling gjennom heile prosessen.

Vi ønsker derfor å invitere kommunen til et første **sonderingsmøte om båtrute Osterfjorden**

onsdag, 25. oktober 2023 frå kl. 12.00 til 12.45

for å høyre kommunane sine vurderingar rundt og innspel til båtruta.

Vi legg i utgangspunktet opp til eit digitalt møte. For å kunne sende ut en lenke til det digitale møterommet til riktig kontaktperson, ber vi om en tilbakemelding om kven frå kommunen dykkar som skal delta i møtet. Det vil være mogeleg å vidaresende lenka til fleire personar.

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø
direktør

Anna Lena Jammer
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift